

*VELKOMNE TIL ÅRSMØTE*

*2020*

*ÅRSMELDING FOR VJFL*



## Årsmøte Voss Jeger- og Fiskarlag 2020.

Årsmøte vert halde hjå Voss Rafting 5. des., kl. 18:00

### Saksliste:

1. Val av ordstyrar og referent.
2. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen.
3. Godkjenning av innkalling til årsmøte.  
( Hordaland lørdag 7.nov., Portalen til NJFF/VJFL, FB)
4. Årsmelding frå siste arbeidsår.
5. Rekneskapet for siste arbeidsåret.
6. Valg.
7. Innkomne framlegg/saker.

Årsmøte avslutta.

Ymse.

### Styret har i 2020 bestått av:

Leiar:	Jan Chr. Jersin
Nestleiar:	Frode Hernes, 4. sept. trekte seg pga helsemessig årsak.
Kasserar:	Odd Henry Hommedal
Studieleiar:	Cato Vivås
Styreleiar:	Robert Veseth
Leiar jaktutvalet:	Knut Helge Veka
Leiar fiskeutvalet:	Magnar Dale
Leiar skytebane:	Jan Chr. Jersin
Leiar barne- og ungdomsutvalet:	Morten Hårklau
Kvinnekontakt:	Elin Dugstad
Skrivar:	Bente Fenne

Styret har vert samla til 4 styremøter i 2020. Men det har også vert mye dialog som går via e-post og telefon. Laget har no 395 aktive medlemmer, og 938 følgjarar på Facebook.

Året 2020 har vert eit krevjande og utfordrande år for oss som lag. Dårlig eller ingen is på Lønvatnet, gjorde at me måtte avlyse alt som har med isfiske å gjera. Alternativt vatn blei og vurdert.

Covid-19 gjorde ikkje saken betre. Då våren kom, og skyting - samt stevnene på skytebanen, skulle avviklast var det berre å avlysa / stenge ned banen. Me fekk etterkvart gjennomført jegerprøvekurs, og åpna skytebanen. VJF og Skytebanen har søkt og fått Koronatilskot, konf.rekneskapen.

I mars skulle me ha eit foredrag med Runar Høgfoss i samarbeid med Voss yrkesskule, villmarkslinja: « Jaktfilm-showet med Høgfoss & Fallan. - Jakt til glede og frustrasjon.» Dette måtte utgå.

6. februar hadde me besøk av Bjørn Kristoffer Kjelsrud frå NJFF, som heldt kurs for ein liten gjeng i bruk av NJFF portalen. Laget er blitt meir digitalisert, og arkivering skjer no i Portalen til VJFL.

I juli hadde me besøk av Genbank Hardangerfjord ved Sven-Helge Pedersen på vårt styremøte. Han hadde ein fin presentasjon av kva dei driv med, og kva som er mulig å være med på no som Granvin og Voss er slått saman.

I høst kom Silje Skorve Paulsen fra Voss Kajakk Klubb på vårt styremøte og informerte om Vossavassdraget, aktivitetssenter og en felles plattform for informasjon i forhold til vassdraget. Dette kjem opp som sak på årsmøte.

Når det gjeld klekkeriet ynskjer forvaltninga at det skal kun vera naturleg produksjon dei neste 3 – 5 åra, før ein ser kva som skal gjerast vidare. Dette stiller me, og mange andre seg svært kritiske til.

Geir Johansen har sete i Voss vilt- og fiskefondstyre.

Melding om vedtak i sak 86/20 Nedlegging av Voss vilt- og fiskefondstyre 28.09.2020.

Voss herad legg ned Voss vilt- og fiskefondstyre frå 2020.

Vedtaket vert grunnlagt med at vilt og fiskeforvaltning er mykje fag, sterkt regelstyrt via forskrift og lov. Utval for klima og miljø har viltforvaltning som sakleg arbeidsområde og ivaretek saker som det er naturleg å handsama politisk.

Grunneigarlag, jaktvald, Stiftelsen Voss Klekkeri, jeger – og fiskarlag og naturvernlag er viktige samarbeids- og høyringspartar i vilt- og fiskeforvaltninga framover.

Saker styret har jobba med:

\*Oppdatert og forbedra heimesida vår på portalen til NJFF.

\*Situasjonen med klekkeriet.

- \*Samanslåing med Granvin sportsfiskarlag, då Voss Herad har fått eit nytt sjøaurevassdrag.
- \*Skytebanen-haglebane 2 og sponsorstøtte.
- \*Oppretta rammer rundt hjortejakta på Mykkeltveit.
- \*Detaljreguleringsplan for Rv. 13 GS-veg Palmafossen-Brynagjelet-Tvildemoen.
- \*Bolstadøyri stasjon-reguleringsendring.
- \*Detaljreguleringsplan for Voss Rafting Senter.

Mvh

Jan Christian Jersin





## Årsrapport fiskeutvalet

2020 har vore eit merkeleg år på så mange måtar. I år blei det aldri is på Lønnavatnet så vossameisterskap og barnas isfiskedag måtte avlysast. Så kom coronaen og har prega tida etterpå.

8. August blei det likevel ein slags barnas dag ved Vangsvatnet i år og. Trond og Geir sette ut fleire garnlenker kvelden før. Så fekk ungene trekkja garna dagen etter. Det var både røyr og Aure i fangsten. Noko av fangsten blei sløyd, og resten skulle bli reveåte. Etterpå blei det litt grilling.

Så får me håpa det blir is på Lønnavatnet denne vinteren og ein coronafri sommar!



Helsing fiskeutvalget!

## Jaktleiar Mykkeltveit

Det vart gjennomført samjakt/opplæringsjakt 5 helger i terrenget på Mykkeltveit.

Laurdag 5. september møtte det fram 10 jegrar. Jan Michal Rolland og Nils Hirth organiserte dette og gikk gjennom litt om jaging og postering. 2 jagingar vart gjennomført denne dagen. Dessverre utan at det vart sett noe hjort.

Søndag 6. september organiserte Nils Hirt jaktdagen. Noen posterte og 2 smygjakta gjennom Vossadalen. Her vart det sett ein hjort.

12. september var det igjen opplæringsjakt med jaging og postering. Noe mindre framførte denne dagen. Jan Michal organiserte. Ingen hjort sett.

Resten av helgane i september og fyrste helga i oktober vart det gjennomført samjakt der jegrane som skulle jakta måtte organisera seg sjølve.

Det er p.d.d. felt eit dyr i terrenget og det er gjort 14 observasjonar av hjort på 52 registrerte jaktdagar.

Mvh

Jan Egil

## Statusrapport frå Klekkeriutvalet:

Helgevaktene siste året har vorte utført av same trufaste gjengen frå Voss jf. som tidlegare år.

Men dette kan som dei fleste kjenner til bli siste året med smoltproduksjon.

Forvaltinga har bestemt at vassdraget skal klara seg sjølv, utan utsetjingar av fisk.

Dei vil la det gå 4-5 år og sjå an utviklinga. Dette stiller me og mange andre seg svært kritiske til.

I haust har me og delteke på stammfiske då Genbanken treng fornying av materialet sitt.

Resultatet av fisket viser at minst 2/3 av fisken stammar frå smolt som er slept, så

gytebestandsmålet av naturleg gytt fisk

er på ingen måte nådd.

Overskytande rogn som genbanken ikkje skal nytta vert truleg lagt inn på klekkeriet og rognplanta på eit seinare tidspunkt,

så vaktordninga vil halda fram ei stund frammetter.

Det er bestemt at klekkeriet skal haldast i driftsmessig stand

Klekkeriutvalet

## Rapport frå studieleiar

Året 2020 har underteikna og Terje Kvitne arrangert to jegerprøvekurs. Det fyrste skulle me hatt rett etter påske, men det vart utsett til juni grunna Covid-19. Det andre kurset hadde me i slutten av august. Grunna krav om avstand måtte me leige Voss Skyttarlag sitt klubbhus. Det har fungert bra og samarbeidet med VSL har vore flott. Samla deltaking på kursa var 40 stk, der 10 var damer. Alderen varierer frå 14 til godt oppi 40-åra. På det siste kurset hadde me ein engelstalende og to syrarar. Samtlege har bestått eksamen i år.



Kursa går over to helger og siste laurdagen er det praktiske øvingar med blant anna skyting. Då er det kjekt at me har trygge og gode standplassleiarar som hjelper oss. Dei gjev gode tips og råd. Me får gode tilbakemeldingar på dette frå deltakarane på alle kurs.

Siste dagen er det fokus på ettersøk og handtering av felt vilt. Ronny Jordalen har

vore med på kursa våre og demonstrert ettersøk på hjortevilt med hund. Han er ein av ettersøksekvipasjane på Voss. Me har også eit veldig godt samarbeid med Ingmar Slettemark, som er Voss herad sin representant for jegerprøve-eksamen.

Siste kursdag skal kandidatane gjere opp ryer i grupper. Me steiker dei på storm-kjøkken og dei får smake både rype og hjortebiff. Dette er både kjekt og lærerikt.

VJFL har også hatt standplassleiar kurs i år. Morten Hårklau, som er ein av tre rifle-instruktørar i laget hadde dette kurset. Det vart utdanna 7 nye standplassleiarar i år og me treng fleire, så det vert nytt kurs i 2021.

Neste år vert det jegerprøvekurs i veke 4-5 og veke 14-15. Då har deltakarane god tid å trene skyting på vår og sommar. Me vil også arrangere haglekurs og riflekurs neste år. Alle som tek jegerprøvekurs hjå oss vert medlemar i VJFL. Dei kan då bruke det flotte anlegget vårt på Skjerve og bli aktive medlemar. Det er viktig at me brukar tid på dei nye og tek dei godt imot. Dette er ein ypparleg måte å rekruttere nye medlemar til laget. Me er eit stort lag og det krev mange aktive medlemar for å drifte alt.



Studieleiar Cato Vivås



# Årsmelding Hundegruppa

## Fellestrening

Det har i år også blitt avholdt fellestrening for hund på leirduebanen. Me starta med dette 13.jan og holdt da gående fram til 14.mars då me måtte avslutte aktivitet på grunn av Covid 19 tiltaka. I denne perioden var det 3-6 deltagere med kvar kveld. Der det var fokus på grunddressur, apport og sosial trening.

## Apportprøve

24.feb. blei det avholdt apportprøve. 3 hunder bestod prøven med glans.

## Aversjonsdressur

Til tross for den litt spesielle situasjonen som me har hatt i år fekk me gjennomført aversjon også i år. Det har blitt avholdt sauevening på totalt 8 hundar. Av dette var det både medlemmer og ikkje medlemmer som nytta seg av tilbodet. Dei fleste hundane har gjennomgått 2 kveldar. Avenninga blei halde hjå Sjur Herre. Ein stor takk til han for å stilla terreng og sau til disposisjon.

Takk også til Jan Christian, Torbjørn, Atle for god hjelp til dette arbeidet.





## Småviltjakta i Lundarholmen sesongen 2019

I jaktseasonen 2019 blei det solgt 48 dagskort. Desse blei selde hjå S.Endeve Sport. Prisen på korta har vert kr 250,- + pant på kr 50,-. Det er ikkje alle som leverer inn rapport, men frå dei som gjorde det blei det rapporter inn totalt 3 felte ryper.



For hundegruppa

Håvard Lien

## Årsmelding skytebanen 2020

Covid-19 har satt sine spor i 2020 på skytebanen og. Me skulle starta opp 15.april etter ein del reparasjoner på kulefanget. Me kom i gang med skyting den 11. mai. Både elgstevne og 2 haglestevne (50 skudds) blei avlyst i år, samt eit haglekurs.

Me har gjennomført 3 jaktfeltskytinger i år. Standplassleiarar har assistert på 2 jegerprøvekurs, og ei skyting med villmarkslinja på Voss VGS.

Me satt opp miniatyrskyting .22 LR i lag med ungdomsutvalet i høst, men det var liten respons på dette.





## ***5. september var dagen for det lokale oppgjøret på skytebanen.***

### **Vossamesterskap i jegertrap**

1. Lagsmester Kjartan Saue
2. Jon Tore Veka
3. Jan Chr. Jersin
4. Knut Helge Veka

Junior: E. R. Lid

Dame: Turid Soldal

Veteran: Finn H. Døhlen



### **Vossamesterskap i Elbaneskyting**

1. Lagsmester Jon Tore Veka
2. Johannes Gjerstad
3. Frode Stalheim
4. Knut Helge Veka

Dame: Elizabeth Gjerstad

Veteran: Dagfinn Gjerme



### **Rypepokalen 2020**

1. Vinner Trond Johansen
2. Frode Stalheim
3. Jon Tore Veka
4. Geir Johansen
5. Finn Døhlen
6. Kjartan Saue



### **Status elgbanen:**

Me har utfordringer med mykje vatn som renn ned og vaskar vekk kulefanget. Her må me gjera nokre grep til våren med å betre drenering ,og vannavledning.

Skivene må få seg litt vedlikehold, så til våren må dei demonterast og skifte innmat og fronter.

Vogna til elgskiva er veldig tung, og det går hardt utover drivverket. Yrresskulen er i gang med å lage ei ny vogn i aluminium.

### **Status Haglebane/jegertrap:**

Jegertrapbanen fungerer meget godt. Har ikkje gjort nokon endringar her.

### **Status Haglebane2/compak:**

Me har hatt ein god dialog med Voss skyttarlag før oppstart av grunnarbeidet, og plassering av bygget. LS er utsatt til 2023, så dei har eit år til på å planleggja dette. Ole Kristian Skorve er arkitekten bak byggverket. I vår starta me opp med utgraving, og fekk støypt plata 3. august. Voss yrkesskule er godt i gang med å sette opp bygget. Det er tett tak no. Ikkje så lett å drive med dugnadsarbeid i desse tider, men me har fått til noko.



Helsing Skytebaneleiar

Jan Christian Jersin



## Årsrapport dameutvalget 2019

Det ein fyrst og fremst kan slå fast, er at aktivitetsnivået på fellesnivå sesongen 2019, var laber og nærmest ingen for dameutvalget. Det har vore fleire grunner til det, men i hovudsak er det COVID som er den største årsaka. Den har gjort at vi er blitt begrensa frå sentralt hold og som leiar har eg måtte begrensa grunna omsyn til arbeidet mitt. Det var satt opp med dameskyting. Der var det ein person som møtte.

Eg har freista innhenta litt aktivitet frå medlemmar gjennom facebookssidene våre, men det var kun 2 som ville meddele oss kva dei har sysla med av jakt og fiskeaktivitet denne sesongen. Eg vil tru at der er fleire, men det ville være dumt om en skulle dikte opp ein historie for dei.. håper fleire kan bidra ein seinare gong.



Elin på jakttur Hardangervidda

## Torill`s memoarer fra sesongen

Torill Dugstad har bedrevet åtejakt sesongen 2019, og 2020 sesongen er allerede i gang. Det vart 3 rever totalt i 2020, og den eine var skikkelig stor også. Det plinger og plonger i varsleren, og spenninga er stor når ein på viltkamera skal avsløre om det er nabokatten eller reven som har utløyst alarmer! Gratulerer med flott fangst og lykke til vidare kommende sesong.

Torill har ein stor forkjærlighet for sine Border Terriere. Ho har ein lite oppdrett som gjer det bra (Haomyra) og desse hundane får prøvt seg skikkelig. Dei er like gode på reven, som dei er på hjortejakta. Torill har vore med i hjortejakta også. Og det vart felt hjort i losen for den eine hunden.












## Rypejakta – med Turid Soldal

På 1100 meter støtte me på dei. Eit kull på tre. ”DER sette dei seg, ved den steinen på andre sida av fonna. Dit skal me” Me sneik oss innpå, lydlaust og usynlege (det var iallfall det me prøvde på). Pang! Kva skjedde no? Traff ho? ”Det var rart” sa Jenny ”Eg var så sikker på at eg traff, men fuglen flaug nett like fint”. Ja ja pytt pytt. Det fins fleire fuglar i fjellet. Eller...? Men ikkje ei fjør, knapt eit spor. Seks timar seinare på denne nydelege dagen svingar me innom den same fonna for å sjå om me finn att trioen. DER var dei. Men det var berre to å skimta langt der framme. Dei for for langt. Men kor vart det av tredjemann? Så rart..Jaja, pytt pytt. Med sekken tom for både sjokolade og fugl, rusla me nedover. Vel nede i bilen på veg bort for å snu fekk eg auge på noko frå førarsetet. ”Kva er det som heng der Jenny? På gjerdestolpen der? Er det ikkje ei rype??” Der lågt ho, fint plassert over gjerdestolpen, akkurat som ein annan gjengløymt vott. Det måtte vera sistemann. Ho må ha segla ut og enda sine dagar midt på stien.” Du traff likevel Jenny, nokre turfolk må ha kome over den”

” Wow! Flaks, skikkelig flaks!”



*Jakt er gode pausar ...*



*..Gode historier..*

*.. Gode opplevingar*



*'..og godt selskap.  
Foto: Ingerid Jordal*

*Marte tok jegerprøven i haust og har allereie treft blinkskot.*

*Helsing fra Turid Soldal*







Elin på jakt med hundane sine

Sjølv fekk eg jakta slik eg bruker, dog ikkje på skogen dette året. Vart kun eitt par turer på rugdejakt. Litt fjellfiske har det også vorte tid til.

Eg held jo på med jaktprøver også. Her både starter eg hundane mine og dømmer. Desse prøvane er for stående fuglehunder. Litt premiar har eg henta heim både på utstilling og jaktprøver, men Covid og ein landsomfattande magesjukdom på hund, gjorde sesongen avbroten på mange måter. Mykje aktivitet vart avlyst også her.

Takk for året, så håpar med komma sterkare tilbake!!

Leiar dameutvalet

Elin Dugstad Veseth

## Materialforvalter VJFL

I fjor gjorde Voss jeger- og fiskarlag eit storarbeid med å finna ut kva eignelutar som finst i laget. Noko vart avskrive, nyinnkjøp kom med på lista. Har no god oversikt over det som er i laget si eige. Dette året har det vore mindre å gjera. Nye ting laget har skaffa seg i år, er komne med på lista over eignelutar. Lista er ajourført framføre årsmøtet. Elles tek eg med at Voss folkemuseum har lånt ein modell av ein vossolaks som heng i klekkeriet. Modellen skal inngå i ny basisutstilling ved museet. Laksefiske i Vosso vert ein del av utstillinga. Avtalen gjeld for fem år.

Mvh

Anders Indrelid.

Leiar skyt inn:

Ved innmelding av deltakarar på jegerprøvekurs har me fått mange vervepoeng. Desse har blitt nytta til investering av 4 stk. jaktradio og 3 stk. nye hagler til skytebanen.

## Årsmelding Ungdomsutvalet

Haglekurs våren 2020 avlyst pga mangel på instruktørar/corona.

Liten interesse for .22LR skyting, 1 oppmøtt. Avlyst

Fjellfiskedag avlyst på grunn av ingen påmelde.

Morten Hårklau

## 5. Rekneskap frå siste arbeidsår.

[Rekneskap 2020\Voss Jeger og Fiskarlag - Balanse konsern 2020.pdf](#)

[Rekneskap 2020\Voss Jeger og Fiskarlag - Resultat Konsern 2020.pdf](#)

[Rekneskap 2020\VJF Revisorrappport 2020.pdf](#)

**Styret sitt budsjettframlegg og arbeidsprogram**

**Laget sin medlemskontingent**

## 6. Val av styret

[Val 2020 VjFL.pdf](#)



## 7. Innkomne saker

### Sak 1.

Hei,

Voss Kajakklubb jobber med å oppretta eit natur- og vassdragsenter på Voss, der me kan informera om Vossavassdraget, verneplanen og tilrettelegga for naturvenleg aktivitet rundt og i elva. Parken skal ligge sentrumsnært (på Tvildemoen), for å tilretteleggja spesielt for born og unge i både fritid og skuletid.

Me jobber med ein situasjonsplan over området i desse dagar, og i samband med det ynskjer me innspel frå andre lag som har dei same måla som oss når det gjeld å ta vare på vassdraget, og nytte friluftsverdiane på gode og samfunnsnyttige måtar. Er de interesserte i å høyra meir om prosjektet? Eg kan evt stilla på eit styremøte og fortelja litt, eller møta nokon i laget som kan ha interesse for dette.

Mvh

Silje Skorve Paulsen / Voss Kajakklubb

### **Møtereferat 26.10.2020**

1. Silje Skorve Paulsen fra Voss Kajak Klubb informerte om Vossavassdraget, aktivitetssenter og en felles plattform for informasjon i forhold til vassdraget:
  - Voss Kajak Klubb ønsker å gå i lag med Naturvernlaget, Trygg av natur, Heradet og folkehelsekoordinatoren for å lage en ressursgruppe. Hvis noen i fiskeutvalget kunne tenke seg en plass i denne gruppen, så er de en naturlig del av dette.
  - Voss Kajak Klubb ønsker å bygge på en tomt nedenfor Magasinet på Tvildemoen for å lage klubbhus, ønsker i den forbindelse at huset også rommer et informasjonssenter/aktivitetssenter/kompetansesenter for vassdraget. Huset skal ikke ligge i flomsona, men oppe langs vegen.
  - Tilrettelegge for aktiviteter i og ved Vosso, og ønsker i den forbindelse å ha meninger fra Voss JFL og andre som bruker og ser verdien av vassdraget.
  - Aktiviteter kan være: Fisking, elvepadling, rafting, med mer.
  - Dette er tenkt som et tilbud til Vossinger for barn, ungdom og voksne.
  - Huset er tenkt inneholde WC, garderober og utstyrslager.
  - Desinfisering av utstyr brukt i vassdrag kan også bli et tilbud på dette senteret, om det gjelder fiskeutstyr, kajaker eller annet som er brukt i annet vassdrag først og ikke har vært tørt lenge nok til at det kan brukes på nytt.
  - Rafting og fisking ble tatt opp som tema: Kan føre til konflikt mellom interessenter, bedre informasjon mellom aktørene kan bedre situasjoner, blant annet at slalomløyper for padling ikke blir satt opp mange steder og at linene blir tatt ned etter bruk for dagen, eller at det blir satt opp faste løyper,

få steder. Det er også nevnt at noen driver padling der andre har kjøpt fiskekort for en dag, og det ikke blir mulig å fiske på grunn av padleaktivitet. Greit å vite om hverandre på forhånd, slik at aktivitetene kan drives uten konflikt.

- Ressursgruppa blir satt i høst, forprosjektet står Bruket for, i mars kommer presentasjon av forprosjektet.
- Oppsummerte fra VJFL:
  - VJFL ønsker informasjon om hva som skjer fra ressursgruppen.

- VJFL med i ressursgruppen? Det blir tatt med videre til årsmøtet.

## Sak 2.

Til årsmøte : sak. : Ønske om å danne Voss Sportsskytterklubb. ( må være tilsluttet sportsskytter klubb for bl. a. å få skyte Nordisk trap og eller Olympisk trap. ) Kjedelig å stille til konkurranse uten klubb.

Mvh. Finn Døhlen

## **Møtereferat frå skyteutvalet 26.10.2020**

Skytebaneleiar har sjekka opp kva som skal til for å danne Voss Sportsskytterklubb.

Sportskyting ligg under Norges idrettsforbund. Ein må danne ein ny klubb med eit eige styre (11 stk. med kontrollnemd og valnemd), vedtekter, og ha eigen økonomi. Økonomi må vere adskilt.

Har drøftet dette med skytebaneutvalet og presentert dette på oppsummeringsmøtet for 2020 med standplassleiarar.

Slik situasjonen er no, ønsker skytebaneutvalet å fokusere på ferdigstilling av haglebane2, men stiller oss positive til dette i framtida.

Har tatt dette opp med resten av styret i VJFL, og dei samtykker med skytebaneutvalet.

## **9. Årsmøtet avslutta**

Ymse